

RAPPORT FRA MÜNCHEN

»Mineralientage München 1980».

»Mineralientage München 1980» er over. Meir enn 300 utstillerar frå 14 land har pakka inn att uselde stuffar og reist heim. Resultatet vart ujamt – glimrande for nokre få og elendig for mange andre. Det kostar oss omlag 5000 DM (13.500 kr.) å koma hit og stille ut, bu og eta på hotell, – fortalde ein utstiller oss, – klart at prisane må bli deretter!.

På 3 hektiske dagar er det uråd å rekkje over alt, men eit inntrykk sit ein da att med. På dei fleste stands blir det selt mineralar. Kanskje 1/4 har fossilar attå og nokre sel smykke, meteorittar, bøker eller utstyr. Dei enorme mengdene med grøn dioptas (Tsumeb-Zaire), vanadinit (Marokko) og klare bergkristallar (Brazil, Arkansas) var nesten borte, i år var det mykje svovelkis xx frå Peru og sulfidar frå Trepca, Yougoslavia, utan at noko land/funnstad igrunnen dominerde. Dei fleste forhandlerar hadde litt av kvart, dei mange lokale samlarar/forhandlerar hadde mykje aktinolitt/granat/kvarts frå Alpene, dessuten dyre mineral frå klassiske tyske funnstelle. Her, som elles, slår det gjennom at mineralar oppnår den høgaste prisen i det landet dei er funne.

Til vanleg kostar ein stuff på ca. 7 x 7 cm mellom 15 – 50 DM, sjeldne mineral (oftast ørsmå i boks) 8 – 30 DM og større krystallgrupper over 1000 DM. Av desse meinte vi å kjenne att fleire frå -78, det blir sagt at dei sjeldan blir selde, berre bytte mellom forhandlerane.

Av »nye» land i mineralsamanheng ser Polen ut til å koma for fullt med ged. svovel, aragonitt, alestit (temmelig likt Sicilia). Frå Bulgaria kjem nydelege sulfidstuffar (som Trepca), og frå DDR sylv i trådar som frå Kongsberg, men for ein brøkdel av prisen.

Elles: SPANIA: ypperlege aragonittar og pyrittar, elles sinkblende av slipe-kvalitet og orthoklas.

PORUTGAL: berre mineralar frå Panasquiras: huebneritt/apatitt m.m.

MAROKKO: Azuritt (xls opp til 10 cm. og i grupper, prisar over 100 DM), coboltmalmar Bou Azzer, cerusitt/barytt frå Mibladen – ein ny lokalitet.

Dessutan sølv i stuffar opp til 2,6 kg., for ca. 1000 kr/kg!

ITALIA: hessonitt/vesuvian/analcime – meire svovel enn på lenge frå Sicilia (dessverre svært dyr.)

Frå GREKENLAND er eit godt utval av sekundærmineralar (annabergitt, aragonitt etc.) frå Laurion, frå eit nytt (og nå sperra) funn på Sentos kom det perfekte ilvaitt xls og til 15 cm!

ROMANIA: som før mykje antimonitt i glimrande krystallgrupper, elles rodochrositt, gull og gull-telluridar.

FRANKRIKE: lite materiale – axinitt xx og pyromorfitt – eit nytt funn av sterkt grøn fluspat må nemnast.

TYRKIA: Kämmereritt nå til 1/3 av prisen for 2 år sia, elles merkelege pyrittar og små sulfidgrupper.

Frå dei nordiske land var det uhyre lite å sjå, frå Sverige absolutt ingenting.

FINLAND: litt rubelitt/chromdiopsid – sjeldne mineral. Spectralitten var p.g.a. konkurranse frå Labrador og Madagascar pressa ned til ein pris under det vi betaler i Noreg.

Så – Noreg, vi såg norske stuffar på 11 stands. Mest ilmenitt og anatas på kvarts. Av desse siste var nå prisane på enkelte xl med anatas relativt høgre enn på knuste grupper. Ei stor gruppe (15 x 20 cm) var stilt ut blant toppstuffane

(eiga utstilling), men vi fikk ikkje greie på prisen da standen som sto som utstillar hevda dei ikkje kjende til stuffen(?!)

Zirkon på Alta var tydelegvis eitt av årets største funn, og dei såg ut til å gå godt. Elles var det diverse typer norske granatar – kvarts frå Ørsdalens – sjeldne mineralar – særleg frå Langesundsfjorden.

På mange stands står bytteteikn, men når det kjem til stykket skal alle ha berre perfekte krystallar eller grupper. Dessutan byter ein her pris mot pris i eit enormt folkemylder, og ein må alltid justere sine eine prisar etter motpartens. Enklare er det å byte sjeldne mineral, da er det stykke mot stykke.

Alt i alt fann vi ut at vi har det både godt og rimeleg her heime, og dei fleste av dei 20.000 besøkande kom nok som oss mest for å sjå og lære.

Torgeir T.Garmo
